



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
04.06.2015  
Dykkar dato  
08.05.2015

Vår referanse  
2015/6756 421.4  
Dykkar referanse

A/STAB  
Midtunhaugen 10  
5224 NESTTUN

### Uttale - Lindås - gnr. 129 bnr. 4 mfl. - Nappevika - Småbåtanlegg - Oppstartmelding - Detaljregulering

Fylkesmannen syner til brev av 08.05.15 med høyringsfrist 12.06.15.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for eit småbåtanlegg i Nappevika. I planområdet er det allereie ei kai og eit naust, og det ligg fleire hytter rett utanfor. Planområdet er 11,81 daa og omfattar eigedom gnr. 129, bnr. 4, mfl. I arealdelen av kommuneplanen er området sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, fritidsbustader og LNF-område. Føresegn 6.2 i kommuneplanen omhandlar arealføremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner*, og der står det mellom anna at *[t]iltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg*. Forslag til ny reguleringsplan er dermed i strid med overordna plan.

Nappevika ligg i Radsundet som er ein del av «den indre farleia». Området er i databasen til Hordaland fylkeskommune registrert som eit svært viktig regionalt friluftsområde. Fjordsystemet har også ein verdi som kulturhistorisk viktig kystlandskap.

Denne reguleringsplanen må også sjåast i samanheng med Reguleringsplan for Nappane (PlanId 1263–19012007), som ligg rett nordvest for Nappevika. Her blei det regulert til fritidsbustader og småbåtanlegg i 2009. I den reguleringsplanen hadde Fylkesmannen motsegn til to av hyttefeltene og eit småbåtanlegg rett nedfor desse, pga. strandsoneverdiar. Saka blei avgjort av Miljøverndepartementet i 2008, og motsegna blei tatt til følge. Sjølv om eit småbåtanlegg blei tatt ut av planen, så blei det vedtatt eit småbåtanlegg heilt nordvest i planområdet. Dette område ligg om lag 0,7 km frå området som no skal regulerast til småbåtanlegg i Nappevika, og småbåtanlegget som blei tatt ut av planen skulle ha lege berre 0,2 km derifrå.

Fylkesmannen er kritisk til meir utbygging i strandsona i eit område med så sterke friluft- og landskapsinteresser.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

### ***ROS-analyse***

Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-1 bokstav h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at slike akseptkriteria bør vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Vidare skal krav til risikoreducerande tiltak gå fram av planføresegnene.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ